



Det kongelege kommunal- og moderniseringsdepartement
Det kongelege Samferdselsdepartement

Meland kommune
v/ Ordfører Øyvind H Oddekalv
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref

Vår ref
15/4537-70

Dato
26. april 2018

Forhandlingar om byvekstavtale for Bergensområdet - svar til Meland kommune

Vi viser til brev frå Meland kommune av 19. april 2018, om deltaking i forhandlingane om ein byvekstavtale for Bergensområdet.

Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Lindås og Os har blitt invitert til forhandlingane om ein byvekstavtale for Bergensområdet. Meland kommune viser i sitt brev til at dei er den einaste kommunen i Bergensområdet som har eit område med høg transporttetterspurnad, som ikkje er invitert til forhandlingane.

Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet er opptekne av at utviklinga i omlandskommunane til Bergen har stor betydning for om vi skal lykkast med å nå nullvekstmålet i Bergensområdet. Ein effektiv arealbruk og god byutvikling i desse kommunane er derfor viktig. I høve til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 utvidar ein derfor avtaleområdet til òg å omfatte dei regionale vekstsonene nær Bergen, slik dei er definert i den regionale planen. Dette er områder med mange pendlarar og høg transporttetterspurnad, slik òg Meland kommune viser til i sitt brev.

Gjennom byvekstavtalen ønsker vi å sikre ein byutvikling og ein arealbruk i dei regionale vekstsonene som byggjer opp under nullvekstmålet for persontransport med bil og som samtidig byggjer opp under investeringane i miljøvennleg transport. Den regionale planen leggast til grunn for byvekstavtalen, som vil forplikte partane til å følgje opp den regionale planen. Når det gjeld utviklinga i dei regionale vekstsonene inneber dette tett bygging av bustader og etablering av arbeidsplassar, og dessutan at dei sentrumsnære områda blir prioritert først. Det er positivt at Meland kommune viser engasjement og vilje til å inngå ein

byvekstavtale og forplikte seg til ei slik utvikling på linje med dei andre kommunane med regionale vekstsoner.

I departementas vurdering av kva for kommunar som inviterast til forhandlingane, har det likevel vært naudsynt å ta omsyn til at det ikkje kan vere for mange partar som kan delta i forhandlingane. Dette gjeld både for Bergensområdet og for dei andre tre store byområda, der det nå er invitert til forhandlingar om byvekstavtale. Det er òg avgjerande for bruken av statlege midlar for å nå nullvekstmålet, at bruken blir innretta slik at dei gir ei rask og god måloppnåing. Derfor er det lagt til grunn ei relativt streng geografisk avgrensing, med utgangspunkt i dei mest folketunge områda.

Etter kommunesamanslåingane vil det vere dei nye kommunane som er partar i avtalene. For Bergensområdet betyr det at kommunane Øygarden, Alver og Bjørnafjorden vil vere partar i avtalen frå 2020. Når Meland blir ein del av Alver kommune som skal gjennomføre avtalen, må vi føresette at nabokommunen Lindås har god dialog med Meland kommune. Samtidig vil det vere naturleg at fylkeskommunen som er med i forhandlingane òg tek omsyn til den kommande kommunesamanslåinga i forhandlingane, der dette er relevant for oppfølginga av den regionale areal- og transportplanen.

Vi legg til grunn at det som del av førebuinga til kommunesamanslåingane allereie er tett kontakt mellom kommunane om utviklinga av og planer for dei nye kommunane, òg om arbeidet med ein byvekstavtale.

Med helsing

Lars Jacob Hiim
statssekretær

Anders B. Werp
statssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Lindås kommune